



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for næring, kultur og idrett
Stad:	Herøy rådhus, Møterom I
Dato:	06.09.2017
Tid:	16:00 – 18:45

Medlemer som møtte:

Janne-Katrin Hansen Sævik	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Knut Johan Voldsund	Nestleder	FRP
Henry Jøsokbakke	Medlem	V

Forfall:

Stig Arne Helsem Sævik	LEDER	H
Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
Bjarne Kvalsvik	MEDL	FOLK/SP

Varamedlemer som møtte:

Joakim Eiksund	Stig Arne Helsem Sævik	H
Leiv Aarflot	Reidun S Myrvågnes	AP

Andre:

Avdelingsleiar Ole Magne Rotevatn

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:
Janne-Katrin Hansen Sævik og Leif Aarflot

Janne-Katrin Hansen Sævik fekk permisjon frå kl 17.

Nestleiar Knut Johan Voldsund leia møtet.

KN-sak 59/17 vart flytta fram før 54/17.

Skriv delt ut i møte:

Epost datert 06.09.17 frå Aurvoll & Furesund AS, Olympic Shipping AS og Marin Teknisk AS vart lagt fram i møtet
KN-sakene u.off. §13 61/17, 62/17 og 63/17

Merknader til administrasjonen:

Komite for næring, kultur og idrett vil invitere Herøy næringsforum til neste møte for å presentere korleis RDA-midlane er brukt.

Komite for næring, kultur og idrett ber administrasjonen samle opp søknader om kulturmidlar og legge dei fram for handsaming to gongar i året frå 2018.

Komite for næring, kultur og idrett ber administrasjonen fremje sak om kriterier for tildeling av midlar frå kommunalt næringsfond.

Janne-Katrin Hansen Sævik

Knut Johan Voldsund

Leiv Aarflot

underskrifter

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 52/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 53/17	Protokoll frå førre møte
PS 54/17	Jensholmen Nord - klage etter kommunelova § 59 - klagehandsaming
PS 55/17	Tildeling av driftstilskot av kulturmidlar - 2017
PS 56/17	Søknad om kulturtilskot - eingongsinvestering/prosjekt, Frøystad Grendalag
PS 57/17	Søknad om kulturtilskot - eingongsinvestering/prosjekt, Herøy Brass
PS 58/17	Søknad om kulturmidlar - oppstartstilskot, Joyful
PS 59/17	Prosjekt 51408 - Einedalen skule - byggeprogram for gymsal / fleirbrukshall
PS 60/17	Søknad om kulturmidlar - eingongsinvesteringar/prosjekt, Frøystad bedehus
PS 61/17	U.off. §13 - Tilskot frå kommunalt næringsfond - Fosnavåg Sport AS
PS 62/17	U.off. §13 - Tilskot frå kommunalt næringsfond - Auto Marine Fosnavåg AS
PS 63/17	U.off. §13 - Tilskot frå kommunalt næringsfond - Tango Seaweed AS

PS 52/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 53/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 54/17 JENSHOLMEN NORD - KLAGE ETTER KOMMUNELOVA § 59 - KLAGEHANDSAMING

Møtebehandling:

Epost datert 06.09.17 frå Aurvoll & Furesund AS, Olympic Shipping AS og Marin Teknikk AS vart lagt fram i møtet

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 06.09.2017

Komite for næring, kultur og idrett opprettheld vedtaket i KN-sak 5/17 og sender saka over til fylkesmannen for lovligeitsskontroll med heimel i § 59 i kommunelova.

PS 55/17 TILDELING AV DRIFTSTILSKOT AV KULTURMIDLAR - 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 06.09.2017

1. Kulturmidlane er fordelt på kategoriar Barn og unge, Song og musikk, Idrett etter vedlagt liste over tildeling.

- . Tilskotet vert utbetal over post
- . Barn og unge, 14700. 4011. 231.
- . Idrett, 14700. 4011. 380.
- . Song og musikk, 14700. 4011. 377.

Tildelinga er utrekna ut frå retningsliner for tildeling av kulturmidlar.

PS 56/17 SØKNAD OM KULTURILSKOT - EINGONGSINVESTERING/PROSJEKT, FRØYSTAD GRENDALAG

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 06.09.2017

1. Frøystad Grendalag får tilsegn om tilskot på kr. 40 000 til bygging av ballbinge.
2. Tilskotet kan utbetalast når det kan leggest fram kvitteringar for gjennomført prosjekt.
3. Tilskotet skal dekkast over post 14700.4011.377 prosjektmidlar

PS 57/17 SØKNAD OM KULTURILSKOT - EINGONGSINVESTERING/PROSJEKT, HERØY BRASS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 06.09.2017

1. Herøy Brass får tilsegn om tilskot på inntil kr. 40 000 til kjøp av instrument.
2. Tilskotet kan utbetalast når det kan leggest fram kvitteringar for gjennomført prosjekt.
3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.231 prosjektmidlar

PS 58/17 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - OPPSTARTSTILSKOT, JOYFUL

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 06.09.2017

1. Herøy Frikyrkje ved «Joyful» gis tilsegn om oppstartstilskot på kr. 2 000.
2. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost

PS 59/17 PROSJEKT 51408 - EINEDALEN SKULE - BYGGEPROGRAM FOR GYMSAL / FLEIRBRUKSHALL

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 06.09.2017

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet for fleirbrukshall 25x 45 m. ved Einedalen skule.
2. Fleirbrukshallen vert lagt til tomta ved SFO.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.
4. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement, føresett naudsynt finansiering.

PS 60/17 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - EINGONGSINVESTERINGAR/PROSJEKT, FRØYSTAD BEDEHUS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 06.09.2017

1. Frøystad bedehus får tilsegn om tilskot på kr. 40 000 til rehabilitering av kjøken.
2. Tilskotet kan utbetalast når det kan leggjast fram kvitteringar for gjennomført prosjekt.
3. Tilskotet skal dekkast over post 14700.4011.231 prosjektmidler

PS 61/17 TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND - FOSNAVÅG SPORT AS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 06.09.2017

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på inntil kr. 100.000,- frå det kommunale næringsfondet til Fosnavåg Sport AS til etablering av ny nettbutikk/verksemd og marknadsføring.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2018. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapa skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

PS 62/17 TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND - AUTO MARINE FOSNAVÅG AS

Samrøystes vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 06.09.2017

Komite for næring, kultur og idrett sender saka tilbake og ber om å få oversendt opningsbalanse og kjøpsavtale. Søkjar vert også invitert til neste møte i komite for næring, kultur og idrett.

PS 63/17 TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND - TANGO SEAWEED AS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 06.09.2017

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på inntil kr. 34.750,- frå det kommunale næringsfondet til Tango Seaweed AS til marknadsføring og nettverksbygging.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2018. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

MØTET SLUTT!